# Notat

Til: Vegavdelinga v/Rune Kilen

Kopi til:

Saksbehandler: Byggesaksavdelinga/Tone Margrethe Berland Furustøl
Vår referanse: 17/1211 - 15 / Gbnr - 132/30
Dato: 14.07.2018

**Emne: Intern høyring - etablering av ny avkøyrsle og ny intern tilkomstveg - gbnr 132/30 Soltveit nordre**

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 132/30
Tiltakshavar: Jan Helge Alvær
Ansvarleg søkjar: Kålås & Sønn Byggevarehandel AS

Viser til vedlagt søknad dispensasjonssøknad for 2-mannsbustad på gbnr 132/30 som er motteke hos oss 10.04.2017. Vi ber om eit møte eller at eventuelle merknader til saka vert sendt oss **innan 01.08.2018.**

**Planstatus**
Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i Kommundelplan Alverstraumen er definert som LNF- område utan høve til spreidd utbygging.

I siste motteke tilleggsdokumentasjon, datert 05.02.2018, vert det vist til synfaring saman med vegavdelinga v/Rune Kilen og tiltakshavar tidlegare i år. Ansvarleg søkjar var ikkje tilstades. I følgje skrivet, så vart partane einige om ein løysning for avkøyrsel og intern tilkomstveg for 2-mannsbustaden, sjå vedlagte sist oppdaterte situasjonskart , datert 05.01.2018, sjå kartutsnitt på side 2. I skrivet frå ansvarleg søkjar er det ikkje nemnt om tiltakshavars andre eigedom, gbnr 132/39 som nyttar same tilkomstveg som gbnr 132/30, også skal nytte den nye avkøyrsla.

**Spørsmål:**
1. Vil vegavdelinga gje løyve etter veglova til etablering av ny avkøyrsel samt etablering av ny tilkomstveg som illustrert i sist revidert situasjonskart, datert 05.01.2018?
2. Skal båe gbnr 132/30 og gbnr 132/39 nytte den nye avkøyrsla og den nye tilkomstvegen?
3. Skal eksisterande avkøyrsel og tilkomstveg til båe gbnr 132/30 og gbnr 132/39 stengast som illustrert i sist revidert situasjonskart, datert 05.01.2018?
4. Etter å ha køyrt ut frå ny avkøyrsel, skal båe gbnr 132/30 og gbnr 132/39 nytta offentleg veg, Soltveitvegen, eller skal dei nytta Fjellsendevegen vidare?

**Post**
postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 32 20 00
Telefaks +47 56 32 20 03

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 123456789

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

Sist revidert situasjonskart, 05.01.2018

